



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hanne Melander, 5557 2265

Vår dato
19.06.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/2086 634
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland
v/skoleansvarleg og leiar av PPT

Hordaland fylkeskommune
v/opplæringsdirektør og leiar av PPT

Midlar til etterutdanning 2015 - tilsette i PPT - SEVU-PPT

Vi viser til fleire møte mellom AU – arbeidsutval for skuleansvarlege i kommunane – og Fylkesmannen, Utdanningsavdelinga. I møta blei det semje om at statlege midlar til etterutdanning av tilsette i PPT skal tildelast regionane og Samskipnaden for PPT i Hordaland.

Fylkesmannen i Hordaland har fullmakt frå Utdanningsdirektoratet til å utbetale kr. 503 000,- til kommunane/fylkeskommunen i fylket i 2015. I tillegg har vi ubrukte midlar frå 2013 og 2014, kr. 400 000,-, som no blir fordelt.

Fylkesmannen tildeler følgjande midlar til etterutdanning for tilsette i PPT til regionane og Hordaland fylkeskommune, på bakgrunn av **tal årsverk i PP-tenestene**:

Region	Sum	Ansvarleg
Ytre Midthordland	125 000 kr	Askøy kommune
Midthordland	80 000 kr	Vaksdal kommune
Nordhordland	80 000 kr	Radøy kommune
Bergen	250 000 kr	Bergen kommune
Sunnhordland	100 000 kr	Fitjar kommune
Hardanger/Voss	80 000 kr	Kvam herad
HFK	125 000 kr	Hordaland fylkeskommune
Samskipnaden for PPT	60 000 kr	Samskipnaden for PPT
Sum	900 000 kr	

Midlane blir overført til ansvarleg kommune, som har regionsleiar i inneverande periode, i eige utbetalingsbrev. Kommunen som får overført midlane er ansvarlege for at midlane blir nytta til formålet av dei aktuelle PP-tenestene

Midlane skal nyttast til gjennomføring av etterutdanning innanfor følgjande prioriterte område:

- Organisasjonsutvikling/endringsarbeid

- Læringsmiljø og gruppeleiing
- Rettleiing og rådgiving
- Fleirspråklegheit
- Fleirkulturell kompetanse

Det skal utarbeidast ein plan for bruk av midlane, og følgjande moment må omtalast:

- Behov og grunngeving for planlagt etterutdanning
- Tal tilsette som skal delta i etterutdanninga innafor kvart av emna.
- Budsjett for etterutdanninga, inklusiv spesifisering av eigenandel.
- Kva for kompetansmiljø ein planlegger å nytte.
- Planlagt varighet av etterutdanninga.

Planen skal sendast Fylkesmannen i Hordaland innan 1. oktober 2015.

Det skal rapporterast på midlane. Rapport skal sendast Fylkesmannen innan 1. oktober 2015.

Etterutdanninga skal være praksisnær og innebere refleksjon og utprøving mellom samlingane, bruk av arbeidsplassen som læringsarena, og medverke til auka fokus på systemretta arbeid i PPT. For å sikre at den nye kunnskapen blir forankra i organisasjonen, bør etterutdanninga så langt det er mogleg organiserast slik at heile eller delar av kollegiet kan delta.

Eksisterande tilbod som kan nyttast og gå inn i planen for bruk av dei statlege midlane: Utdanningsdirektoratet har ei oversikt over temaområde det blir tilbode etterutdanning i og kven som er tilbydarar av etterutdanning hausten 2015/våren 2016:

<http://www.udir.no/Utvikling/Videreutdanning/PP-tjenesten/Om-etter--og-videreutdanning/Etterutdanningstilbud/>

Tilboda skal gjennomførast med 3 - 6 samlingar, anten ved universitet, høgskule, Statped sine regionale lokale eller på den enkelte arbeidsplassen. Tilboda kan leggjast til rette for PPT, slik at flest mogleg av tilsette og leiarar kan delta.

Det er påmelding til desse tilboda direkte til institusjonane i perioden 1. august -1. september 2015.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Hanne Melander
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.